



# Meland kommune

## Innkalling til Kommunestyret

### EKSTRAMØTE

**Møtedato:** 29.03.2017  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 17.00

Medlemmene i kommunestyret vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er på forfallskjema på kommunen si heimeside, slik at varamedlem vert innkalla.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på dokumentsenteret. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utlevert i møtet. Dersom medlemmene på førehand ynskjer å gjera seg kjend med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengeleg på dokumentsenteret.

### Sakliste

Saknr	Tittel
19/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
20/2017	Godkjenning av møtebok
21/2017	Referatsaker
22/2017	Orientering om status kommunestruktur
23/2017	Finansrapport desember 2016
24/2017	Bustadmelding 2017 - 2020
25/2017	Frivilligmelding
26/2017	Kulturstipend i Meland kommune
27/2017	Tidleg innsats 2017-2020
28/2017	Vedtakter for Meland kulturskule - revidering
29/2017	Musikk- og kulturpris for unge utøvarar i Meland
30/2017	Bruk av granulat på kunstgrasbanar i Meland kommune
31/2017	Reguleringsplan for Hjertås inudstriområde sør. 2. gongs handsaming
32/2017	Høyringsuttale, Regional transportplan Hordaland 2018 - 2029
33/2017	Ny høyring - Regional areal- og transportplan for Bergensområdet

26. april 2017

Øyvind H. Oddekalv  
Ordførar

Randi Helene Hilland  
konsulent

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		17/666

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
19/2017	Kommunestyret	PS	29.03.2017

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		17/666

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
20/2017	Kommunestyret	PS	29.03.2017

**Godkjenning av møtebok frå møte 08.03.17**

**Saksopplysningar:**

**Framlegg til vedtak:**

"Møtebok frå møte 08.03.17 vert godkjent."

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		17/666

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
21/2017	Kommunestyret	PS	29.03.2017

## Referatsaker

### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
21/2017.1	Tilskot symjeoppl�ring for barn i barnehage - kap. 231 post 70

## Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

"Meldingane vert tekne til orientering."

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		17/666

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
22/2017	Kommunestyret	PS	29.03.2017

**Orientering om status kommunestruktur**

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Per Inge Olsen	FE - 250	17/684

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
34/2017	Formannskapet	PS	29.03.2017
23/2017	Kommunestyret	PS	29.03.2017

## Finansrapport desember 2016

### Vedlegg:

Meland kommune - Finansrapport 2016-12

Meland kommune - rapport gjeldsporteføljen - pr. 31.12.16

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Ihht. til det vedtekne Finansreglement for kommunen skal det utarbeidast finansrapport kvart tertial. Reglementet vart revidert siste gang i sak 38/2015 i Kommunestyret 6. mai 2015.

Det er kome endringar i forskrifta om kommunane sin finans- og gjeldsforvaltning gjeldande frå 1. januar 2017. Framlegg til endring av kommunen sitt finansreglement vert lagt fram som eigen sak.

Vedlagt følgjer rapport per 31.12.2016. Rapporten viser at finansforvaltninga følgjer gjeldande reglement.

### Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret tek Finansrapport per 31.12.2016 til vitande»

**Saka skal handsamast i formannskapet 29.03.17. Ev. nytt framlegg til vedtak vert lagt fram i møtet.**

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anny Bastesen	FE - 610	16/946

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
35/2017	Formannskapet	PS	29.03.2017
24/2017	Kommunestyret	PS	29.03.2017

## Bustadmelding 2017 - 2020

### Vedlegg:

Investeringsmidlar kommunale bustader 2016

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I budsjettvedtaket for 2016 ba kommunestyret rådmannen m.a. om å vurdere følgjande:

«..... Å inngå avtale med private tilbydarar for å sikre høvelege bustader til føremålet» (dvs bustader for vanskelegstilte) og «Vurdere noverande bruk av kommunale bustader med omsyn til tildeling, omløpshastighet, vedlikehald og organisering.»

Rådmannen la fram sak om bruk av investeringsmidlar for 2016, som kommunestyret behandla i møte 15.06.2016, sak KS-54/2016. Kommunestyret tok saka til orientering, og ba administrasjonen komme tilbake med ei bustadmelding for den kommunale bustadpolitikken. Saka skulle behandlast i samband med årsbudsjettet for 2017 men er forsinka pga sjukefråvêr og kapasitetsproblem.

I samband med revisjon av investeringsbudsjettet, behandla av kommunestyret i møte 08.03.2017, sak KS-11/2017, godkjente kommunestyret kostnadsramma for kjøp av bustader i 2017.

Framlegg til bustadmelding er no klar. Bustadmeldinga synleggjer status for noverande bustadportefølgje, og organisering / forvaltning av denne. Bustadmeldinga tek ikkje opp generell bustadpolitikk knytt til arealplanlegging, og den er heller ingen bustadsosial handlingplan.

### Vurdering

Gjennom bustadmeldinga meiner administrasjonen at det er avdekka eit behov for skaffe fleire kommunale bustader. Dette gjeld både i høve til folketalet generelt, og til etterspørselen frå dei som har eit lovfesta krav på å få tilbod om kommunal bustad. Det er eit stort behov for at kommunen får større kontroll med kven som bur kvar, både i høve til brukaren sjølv, nærmiljøet og den kommunale tenesteytinga.

Både omsorgsbustader og bustader for vanskelegstilte bør vere lokalisert tett på busstilbod, daglegvaretilbod og servicetilbod generelt. Som regel passar det at kommunen har bustader

tilgjengeleg i sentrale, etablerte bumiljø, med ei viss spreining. Bustader for vanskelegstilte skal normalt vere tilgjengeleg for brukaren i ein periode av livet, med mål om at bebuaren blir i stand til å handtere eigen busituasjon. Her bør kommunen opp på eit høgare nivå enn i dag når det gjeld talet på bustader, for i større grad å kunne finne rett plassering for brukaren. Like viktig er det å etter kvart gradvis fase ut dei eldste bustadene, for å redusere vedlikehaldsbehovet og dermed driftskostnadene.

Omsorgsbustader er permanente bustader for brukarar i ulike aldersgrupper som treng pleie og/eller tilrettelegging, men ikkje nødvendigvis sjukeheimplass. På dette området bør kommunen auke innsatsen vesentleg, evt i nye driftsformer. Presset på sjukeheimplassar kan reduserast ved t.d. å tilby fleire omsorgsbustader i gruppe, sentralt plassert og med felles base for heildøgns tenester.

Bebuarar med særskilte utfordringar vil i nokre tilfelle ha behov for eit meir skreddersydd tilbod. Slike butilbod er ikkje tilgjengeleg i bustadmarknaden og krev kommunal utbygging. Det kan vere bebuarar som treng avskjerming i høve til nærmiljøet av ulike årsaker. Andre kommunar har t.d. god erfaring med enkle, robuste bustader i klynge, særskilt tilrettelagt for rehabilitering. Bebuarar med utfordringar innan rus og psykiatri er døme på brukarar som treng eit meir skreddersydd tilbod, som kommunen ikkje kan tilby i dag.

Administrasjonen meiner elles at avtale med utbyggjarar der kommunen har tildelingsrett til ein viss grad kan kompensere for mangelen på kommunalt eigde bustader. Administrasjonen ser ikkje at kommunen er stor nok til at løysinga vil ha særleg omfang, men det bør vere mogeleg å auke talet på avtalar ut over dei 9 avtalane som eksisterer i dag, dersom det er interesse for det. Kommunen har erfaring med ressurskrevjande husleigetvist og det er nødvendig å arbeide vidare med utlysing, avtaleverk og krav til utleigar før ein eventuelt vidarefører denne modellen.

Elles er det framleis aktuelt med framleige av private bustader, i visse tilfelle. Framleige er ikkje aktuelt i alle samanhengar; avtalane kan vere krevjande å administrere dersom forventningane hjå huseigar er for store eller urealistiske.

Folkehelse: Ordna busituasjon er vesentleg for den enkelte innbyggjar sin livskvalitet, og for rehabilitering når det er aktuelt.

Miljø: Ikkje aktuelt i denne saka

Økonomi: Ved å setje av tilstrekkeleg midlar i økonomiplan investeringar og årlege investeringsbudsjett vil ein kunne redusere presset på sjukeheimplassar, driftskostnader til eigedomsforvaltning og effektivisere tenestetilbodet innan NAV, helse, pleie og omsorg.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at bustadmeldinga blir lagt til grunn for disponering av midlar sett av i årlege investeringsbudsjett og økonomiplanperioden. Rapporteringa følgjer den ordinære årsmeldings- og budsjettprosessen.

### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret sluttar seg til Bustadmelding 2017 – 2020 og legg denne til grunn for arbeidet med økonomiplan og årsbudsjett i perioden.»

**Saka skal handsamast i formannskapet 29.03.17. Ev. nytt framlegg til vedtak vert lagt fram i møtet.**



# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Nina Randal	TI - &14, FA - F08	17/223

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
26/2017	Utval for levekår	PS	21.03.2017
25/2017	Kommunestyret	PS	29.03.2017

## Frivilligmelding

### Vedlegg:

Frivilligmelding 2017

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Styret i Meland Frivilligsentral gjorde i møte 5.mai 2014 vedtak om å rå til at Utval for levekår iverksette oppstart av Frivilligmelding i Meland.

Saka vart handsama i Utval for levekår 3.juni 2014:

ULK - vedtak:

*Utval for levekår iverkset oppstart av Frivilligmelding i Meland. Arbeidsgruppa og mandat blir som skissert under konklusjon. Utval for levekår er styringsgruppe og får løypemeldingar undervegs i prosessen. Frivilligmeldinga vert handsama i kommunestyret innan september 2015*

Utkast til Frivilligmelding vart handsama i Utval for levekår den 07.02.2017, ULK-07/2017, og meldinga var på eit kort offentleg ettersyn med frist 06.03.2017. Meldinga ligg no framme til endeleg godkjenning.

#### Vurdering

Meldinga søkjer å ta opp i seg mandatet som er å kartleggje frivillige lag og organisasjonar. Syne at dei legg ned arbeid i ulike samfunnssektorar og synleggjere nye arenaer for frivillig innsats. Trekke opp liner for korleis kommunen kan styrke arbeidet med å auke frivilligheita og tydeleggjere kva frivillig sektor kan forvente i samarbeid med kommunen.

Utval for Levekår har vore styringsgruppe for arbeidet.

2 organisasjonar og 1 skule har svara på spørjeskjema den tida meldinga har vore på offentleg ettersyn. Svara deira er teke med i meldinga. Det er ikkje komme inn andre innspel.

Folkehelse

Ein levande og allsidig frivillig sektor i Meland kommune har positiv innverknad for folkehelsa.

Miljø

Ikkje vurdert særskilt i saka.

Økonomi

Saka har inga innverkad på kommune økonomien.

**Konklusjon**

Frivilligmeldinga for Meland er klar til endeleg godkjenning.

**Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner Frivilligmelding for Meland slik han ligg føre.

**Saka vart handsama i Utval for levekår 21.03.17. Framlegg til vedtak frå ULK vert lagt fram i møtet.**

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FA - C00, FE - 505	17/587

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
29/2017	Utval for levekår	PS	21.03.2017
26/2017	Kommunestyret	PS	29.03.2017

## Kulturstipend i Meland kommune

### Saksopplysningar:

Kulturtenesta har eit utstrakt samarbeid med det svært sterke frivillige organisasjonslivet i kommunen, innafor mange felt. Den lokale amatørkulturen vert støtta gjennom mellom anna dialog, rettleiing, tilskot og prosjektsamarbeid, noko som er med å styrke høva laga og frivillige eldsjeler har til å drive aktivitetar og tilbod både for nærmiljøa og for kommunen som område, som er til gode for alle som bur i kommunen.

Kulturtenesta manglar på tilsvarande vis verkemidlar til å støtte den profesjonelle og semi-profesjonelle delen av det lokale kulturlivet, der vi har relativt sett ein god del kunstnarar og kulturutøvarar til gode for både innbyggjarar og amatørkulturlivet. Eit slikt verkemiddel må i tilfelle målbere seg å kunne bidra til å styrke det lokale kulturlivet ved å stimulere til auka samarbeid mellom profesjonelle og frivillige kulturaktørar, og ved å stimulere til profesjonelle kulturtiltak og kompetanseauking som kjem det lokale kultur- og samfunnslivet til gode, òg der det er ein meirkostnad ved tiltaket for utøvaren.

Eit kulturstipend bør derfor vurderast for å styrke samhandlinga mellom kommunen og denne delen av kulturlivet, òg sett i samheng med prosessane knytt til tilrettelegging av profesjonelt utstyrte fasilitetar for kunst- og kulturuttrykk i kommunen. Stipendet må kunne dekkast inn over eksisterande drift.

### Vurdering.

Engasjementet for å drive med eit kulturuttrykk er i høg grad personleg, og avhengig av dei omgjevningane ein har og har hatt rundt seg, det vere seg i grendalaget, ungdomslaget, kunstundervisninga, ungdomsklubben, skulekorpset, koret, med vener i garasjen, under utdanninga og gjennom utøvande verksemd. I dette samspelet er på generelt grunnlag grensene mellom å vere amatør, semi-profesjonell eller profesjonell ofte glidande, og varierende over tid for den einskilde kulturutøvar.

Dei som har heile eller delar av sitt levebrød frå verksemda som kunstnar eller kulturutøvar, spelar ei viktig rolle ved å vidareføre lokal kultur, særpreg, kunnskap og immateriell kulturarv og ved å vere kvalifiserte, kompetente og kunnskapsrike kulturberarar, som amatørkulturlivet og alle som ønskjer å ta del i gode kulturopplevingar har stor nytte av. Ved å investere i kompetanseauking, utvikling av

lokalt kulturliv og samarbeidsformar mellom profesjonelle og frivillige, vil kommunen kunne nyte godt av auka aktivitet og fleire kulturopplevingar.

Kultur vert skapt nedanfrå og treng næring. Ein kan bestille rammene, men grunnlaget for innhaldet må heller leggest til rette for. Ved å fortsetje trykket på å vere ein bidragsytar til det frivillige amatørkulturlivet, men òg ha eit møtepunkt og verkemiddel til å stimulere profesjonell og lokal kulturutøving, kan fleire få høve til å ta del i kultur som både delar av og summen av den felles interaksjonen vi menneskje har, den felles arven vi er ein del av og det behovet vi har for å uttrykke oss eller oppleve og ta del i andre sine tolkingar av kommunikasjon, kulturarv og kulturuttrykk.

Følgjande retningsliner vert lagt fram i saka:

### **Retningsliner for Kulturstipend i Meland kommune**

Kulturstipendet skal gå til ein kunstnar/kulturutøvar, som er registrert busett i Meland kommune, har si verksemd herfrå, og som har heile eller delar av si inntekt frå kunstnarisk eller kulturell verksemd. Stipendet skal stimulere til lokal kulturutvikling og lokale kulturopplevingar.

#### **Stipendet skal gå til følgjande tiltak:**

*Utvikling av lokalt kulturliv i samarbeid med aktørar frå lokal amatørkultur, som leiar fram til eit ferdig produkt eller framsyning.*

*Kunnskapsoverføring mellom profesjonelle aktørar og lokalt amatørkulturliv.*

*Eigenutvikling og auking av kompetanse, som kjem det lokale kulturlivet til gode.*

*Prosjekt som stimulerer og sikrar overføring av lokal kunnskap og kultur, og immateriell kulturarv.*

Aktuelle uttrykksformar er musikk, dans, scenekunst, litteratur, biletkunst, kunsthåndverk og film/media.

Stipendet skal delast ut etter ei vurdering av kunstnarisk innhald, gjennomføringsevne og verdi for det lokale kulturlivet.

Kulturstipendet vert delt ut ein gong i året etter søknad, med frist 1. mars. Søknaden skal innehalde ein plan for tiltaket og bruken av stipendet, CV og døme på tidlegare arbeid. Innstilling og vurdering av søknadane vert lagt fram for Utval for levekår for avgjerd. Dersom det ikkje er kvalifiserte søkjarar vert ikkje stipendet delt ut.

Kulturstipendet har ei øvre grense på kr 30 000, og vert utbetalt etter avgjerd har funne stad. Rapport må leverast til tenesteområde kultur innan 1. desember same år, og stipendet kan verte kravd tilbakebetalt dersom ikkje grunnlaget for tildelinga lenger er til stades, eller tiltaket ikkje har vorte gjennomført.

### **Folkehelse**

Eit levande og sterkt lokalt kulturliv er avgjerande for eit godt lokalsamfunn, med inkluderande aktivitetar og opplevingar.

### **Miljø**

Ikkje vurdert i saka

**Økonomi**

Tiltaket vil verte dekkja inn over eksisterande drift.

**Konklusjon**

Vurdering av kulturstipend ligg føre. Stipendet vil ha som mål og styrke det lokale kulturlivet ved å stimulere til auka samarbeid mellom profesjonelle og frivillige kulturaktørar, og ved å stimulere til profesjonelle kulturtiltak som kjem det lokale kultur- og samfunnslivet til gode.

**Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner å opprette Kulturstipend for Meland kommune i samsvar med retningslinene i vurderinga.

For 2017 vert søknadsfrist sett til 15. juni.»

**Saka vart handsama i Utval for levekår 21.03.17. Framlegg til vedtak frå ULK vert lagt fram i møtet.**

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Mette Marei Træland	FA - A16, FA - B01	17/544

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
20/2017	Utval for levekår	PS	21.03.2017
27/2017	Kommunestyret	PS	29.03.2017

## Tidleg innsats 2017-2020

### Vedlegg:

Barnehageplan (kvalitetsdel) 2016-2020

Barnehageplan 2016-2020 - endelig

Prosjektmandat - Prosjekt tidleg innsats og identifisering 2017-2020

Aktivitetsplan frå vår 2017

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Barnehagelova § 8 seier at kommunen som lokal barnehagemynde har eit overordna ansvar for å sikre barn eit godt pedagogisk og trygt barnehagetilbod. Kvalitetsplan for barnehagesektoren vart vedteke i KS-sak 16/ 9687. Barnehagelova §19 c, gjeldande frå 01.08.16 seier at PPT skal drive kompetanseutvikling – og organisasjonsutviklingsarbeide i sektoren.

Forsking viser at tidleg innsats i barnehagen har effekt ,og i NOU 2009:18 er hovedkonklusjonen at «forbedring av de allmenne ordningene er det viktigste grepet overfor barn, unge og voksne med særskilte behov». Ved å se barna sine behov tidleg vil man kunne førebyggje problem seinare.

Prosjektet har som mål til å sikre at alle barn i barnehage får pedagogisk tilrettelegging ut frå sine føresetnader.

Resultatmål i kvalitetsplana er at barn skal oppleve venskap med andre barn, og oppleve glede og trivsel.

Alle barnehagane har vore med på å lage kvalitetsplana.

## Vurdering

Barnehagelova gjev føringar både til kommunen som barnehagemynde, men og for PPT. Kvalitetsplanen for barnehagesektoren i Meland kommune seier at eit av måla er å arbeide med tidleg innsats.

Dei ulike tiltaka i prosjektet og tidsplan er lagt ved saka.

Kort oppsummert er no tiltaka som utgjer verktøykassa for barnehagane:

- Program for foreldreveiledning: ICDP
- Problemløysing gjennom samarbeid: PGS
- Circle of security :COS
- Kartleggjings og opplæringsmateriell for barn med store vanskar med merksemd: Fokus.
- Psykologisk førstehjelp: Grøne tankar glade barn.
- Språk og begrepstrening : Bravo
- Realfag: Nasjonal satsing.

Plan for gjennomføring: Gjennom prosjektet vil barnehagane få tilbod om kurs og lærande nettverk i ein gjenntakande årleg syklus. Sjå vedlagt aktivitetsplan.

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/vurdering/filmer/filmer-fra-laresteder/larande-nettverk/>

Prosjektet vil auke kompetansen hos personalet i barnehagane, og oppretthalde fokus på tiltak som er viktig for barna si trivnad og kjensle av meistring.

Kommunen vil ha eit system og som sikrar systematisk arbeid med tiltaka ute i barnehagane.

Prosjektet vil sikre at kvalitetsplanen vert følgd opp.

Folkehelse x

Miljø x

Økonomi x

## Konklusjon

For å sikre kvaliteten i barnehagane, og gje borna eit godt grunnlag for livsmeistring er prosjekt «tidleg innsats» eit godt og systematisk reiskap.

## Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek at prosjektet «tidleg innsats og identifisering i perioden 2017-2020» vert arbeid med i tråd med prosjektplana i perioden 2017 -2020.

**Saka vart handsama i Utval for levekår 21.03.17. Framlegg til vedtak frå ULK vert lagt fram i møtet.**

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FA - A30, TI - &00	17/600

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
30/2017	Utval for levekår	PS	21.03.2017
28/2017	Kommunestyret	PS	29.03.2017

## Vedtekter for Meland kulturskule - revidering

### Vedlegg:

Vedtekter frå 1. januar 2011

Vedtekter frå 1. mars 2015

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Meland kulturskule har behov for mindre endringar i vedtektene, sist gjeldande frå 1. mars 2015. Først og fremst gjeld dette å kunne gi familiar med låg inntekt høve til å søkje om redusert eigenbetaling. Vidare legg ein opp til å avslutte undervisningsåret ei veke tidlegare før sommaren, samt mindre justeringar til faktiske forhold.

### Vurdering

Vedtektene vart lagt om til 2011, og revidert i februar 2015 grunna innføring av nytt administrasjonssystem. Endringane som vart gjord den gong dreidde seg om punkt 1, 4 og 23.

### Følgjande punkt vert lagt fram til revidering i denne saka:

Gjeld punkt 7: Retting av namn frå Kommunalavdeling for kultur og oppvekst til Tenesteområde kultur

Gjeld punkt 13: Endring av aldersgrense for dans frå 4 til 3 år. *Grunnkurs* har skifta namn til *Kultursirkel* og *Musikk frå første stund* er gått ut.

Gjeld punkt 17: Endring til faktiske forhold gjeldande fakturering av eigenbetaling.

Gjeld punkt 21: Kulturskulen opplever somme gongar høve for å kunne tilby redusert eigenbetaling. Ein legg her opp til å følgje grensene for gratis kjernetid i barnehagar, som frå 1.1.2017 gjeld hushald med samla bruttoinntekt som er lågare enn kr 417 000. Reduksjonen vil verte gitt mot søknad, og eigenbetalinga er lagt opp til å ligge på 50% av normal sats, som i 2017 er kr 1750 per semester. Ein har vurdert grensa for redusert foreldrebetaling i barnehagar, kr 500 500, som å vere for belastande for kulturskulen sin økonomi. Tiltaket vil med det ikkje vere av ein meir generell karakter, men heller



gi kulturskolen hjelpemiddel til å nå dei barna som har minst.

Gjeld punkt 23: Siste veka før sommaren er det stort fråvere grunna andre avslutningsarrangement for same aldersgruppe. Siste veka før jul vart omdisponert ved revideringa i 2015 med same grunngjeving. Kulturskolen ønskjer på tilsvarande vis å kunne nytte denne personalressursen til konsertar, framsyninga, møteverksemd, personalmøte, kompetanseheving og fellesmøte.

### **Folkehelse**

Redusert eigenbetaling vil kunne vere eit bidrag til at barn og unge, som elles ikkje alltid har høve til å delta grunna økonomi, kan ta del i kulturskuleundervisinga.

### **Miljø**

Ikkje vurdert i saka

### **Økonomi**

Redusert eigenbetaling vil påverke kulturskolen sin økonomi, men er vurdert til å kunne dekkast inn på det nivået ein her legg opp til. Inntekta vil per 2017-nivå verte redusert med kr 1 750 per elev som får godkjend redusert eigenbetaling, per skuleår.

### **Konklusjon**

Punkt 7, 13, 17, 21 og 23 vert endra til følgjande tekst, med endringane i kursiv:

7. Søkjaren har klagerett på opptaket, klagefristen er tre veker etter avslaget. Klagen sendast Meland kommune, **tenesteområde kultur**.

13. Kulturskolen har ulike aldersgrense for ulike disiplinær:

#### **Dans – 3 år**

Songgruppe – 1. klasse

Song, einskildtimar – 4. klasse

Piano/keyboard – 2. klasse

Slagverk – 2. klasse

Gitar – 2. klasse

Band – 5. klasse

Teater – 1. klasse

Visuell kunst – 1. klasse

**Kultursirkel – 1. klasse**

17. Elevavgifta **vert fakturert om lag midt i kvart semester** (haust- og vårsemester).

**21: Hushald med inntekt lågare enn kr 417 000 brutto per år kan søkje kommunen om redusert eigenbetaling, til 50% av gjeldande sats, for barn opp til 16 år med plass i kulturskolen. Med søknaden må det følgje inntektsopplysingar. Fristar er 1. mai og 1. november. Som hovudregel gjeld søknaden ut skuleåret. Inntektsgrensa kan endrast som følgje av politisk vedtak.**

23. Kulturskolen følgjer same skulerute som grunnskolen i Meland kommune, med unnatak av siste veka før juleferien **og sommarferien**, då det ikkje er ordinær kulturskuleundervising.

**Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at vedtektene for Meland kulturskule vert endra på punkt 7, 13, 17, 21 og 23, slik det går fram av saka. Dei andre punkta vert ståande som i vedtektene frå 2015.»

**Saka vart handsama i Utval for levekår 21.03.17. Framlegg til vedtak frå ULK vert lagt fram i møtet.**

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FE - 077	17/601

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
28/2017	Utval for levekår	PS	21.03.2017
29/2017	Kommunestyret	PS	29.03.2017

## Musikk- og kulturpris for unge utøvarar i Meland

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kulturtenesta ønskjer å sjå på høva til å opprette ein musikk- og kulturpris for unge utøvarar i Meland.

#### Vurdering

Ein slik pris fanst tidlegare, og kan no etablerast på nytt. Formålet med prisen må vere og anerkjenne unge utøvarar for innsats, framdrift og innhald ved kunst- og kulturutøvinga si, og gi dei merksemd ved eit heidersteikn, som viser at innsatsen og arbeidet deira vert sett pris på.

Følgjande retningsliner vert lagt fram:

### Retningsliner for Musikk- og kulturpris for unge utøvarar i Meland

Prisen skal vere eit heidersteikn, som anerkjenner unge utøvarar busett i Meland og som viser stor innsats, framdrift og kvalitet i kunst- og kulturutøvinga si.

Prisen vert delt ut ein gong i året, til ein utøvar kvart år. Utøvaren må vere frå 13 til 19 år i tildelingsåret.

Nominasjonar kan sendast gjennom året til kommunen frå lag, organisasjonar og Meland kulturskule.

Aktuelle kulturuttrykk er musikk, dans, scenekunst, litteratur, biletkunst, kunsthandverk, film/media og som kulturarrangør.

Innstilling vert gitt av eit fagpanel sett saman av ein person frå kvar av: Meland ungdomsråd, Meland kulturskule og Tenesteområde kultur. Fagpanelet bør innhente råd frå relevante lag og organisasjonar, som til dømes musikklag, skulekorps, revylag eller litterære lag. Avgjerd skjer i Utval for levekår.

Prisen skal bestå av eit diplom og eit gåvekort (eller gåvesjekk) pålydande kr 5 000, som skal nyttast til relevant aktivitet eller utstyr knytt til kulturutøvinga. Verdien kan justerast etter normal prisvekst

etter fem år er gått frå opprettinga av Musikk- og kulturprisen.

#### **Folkehelse**

Engasjert ungdom, som kan få delta og bidra til eit aktivt lokalt kultur- og samfunnsliv, er av stor verdi for alle som bur i kommunen.

#### **Miljø**

Ikkje vurdert særskilt i saka

#### **Økonomi**

Tiltaket kan dekkast inn over eksisterande drift

#### **Konklusjon**

Retningsliner for Musikk- og kulturpris for unge utøvarar i Meland ligg føre.

#### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner å opprette Musikk- og kulturpris for unge utøvarar i Meland i samsvar med retningslinene i vurderinga.»

**Saka vart handsama i Utval for levekår 21.03.17. Framlegg til vedtak frå ULK vert lagt fram i møtet.**

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FA - D11	17/602

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
31/2017	Utval for levekår	PS	21.03.2017
30/2017	Kommunestyret	PS	29.03.2017

## Bruk av granulat på kunstgrasbanar i Meland kommune

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Spørsmålet om mikroplastproblematikk og effektar av spreing og blanding av kjemikalier i naturen har vore aktuell over lenger tid. Dei siste tiåra har særleg fotballbanar med grusdekke, men òg somme naturgrasbanar, vorte rehabilitert med kunstgrasdekke, i tillegg til mange nyetableringar. Talet på slike banar, i full storleik, har auka frå kring 100 til opp under 1 000 dei siste femten åra. Banane er avhengig av å verte strødd med granulat, som oftast laga av malte bildekk. Slike banar er for heile landet sett under eitt estimert til å kunne stå for utslipp av opptil 1 500 tonn mikroplast kvart år.

I Meland har vi i dag fire kunstgrasbanar: to på Fossemyra, ein ved Vestbygd skule og ein i Leirdalen. I tillegg vert det planlagt for ein ny kunstgrasbane på Fossemyra, samt rehabilitering av ein av dei eksisterande.

Saka følgjer opp KS-møtet den 14.12.2016. Ein legg i saksvurderinga opp til å kaste lys på problemstillingar knytt til bruk av kunstgras og granulat innan drifta av fotballanlegg, potensielle tiltak og til sist legge fram korleis vegen vidare kan sjå ut.

#### Vurdering

Meland kommune er ikkje aleine i å ha problemstillinga oppe til vurdering. Fleire kommunar i Hordaland arbeider med dette, og problemstillinga er til drøfting på fleire nivå innan forvaltinga og i idretten. Sjølv om ein lenge har vore klar over utfordringane ved plastavfall, til dømes ved oppsamlingar i havet, dyr som har lidd og lokale strandryddingsaksjonar, har problema med dei store utsleppa av plastavfall i naturen fått auka ålmenn merksemd både på lokalt og nasjonalt nivå den siste tida.

I tillegg har ikkje minst problematikken knytt til mikroplast fått auka merksemd. Mikroplast er små plastpartiklar, som anten er eit resultat av nedbryting av plast (sekundær), eller som har vore nytta som ingrediens i ulike produkt (primær).

Mikroplasten har klare negative effektar på naturen. Det tek hundrevis av år å bryte han ned, overflaten bind til seg miljøgifter som til dømes DDT og PCB, og han vert blanda inn med føda til

sjødyr, som ofte ikkje klarar å skilje han ut. Miljøgifter frå mikroplast er funne i fugleveg, og plastfragment er funne i fugl og ikkje minst fisk. Dette kan akkumulereast over tid, og ein kjenner ikkje til kva for konsekvensar som kan komme av opphoping av mikroplast i menneskekroppen gjennom næringskjeda.

Det vert årleg danna kring 8 000 tonn primær mikroplast i Noreg. Dei største kjeldene er ikkje kosmetikk, som det har vore fokus på over lenger tid, men slitasje av bildekk, granulat frå kunstgrasbanar, maling og vedlikehald av skip, fritidsbåtar, bygg og veger, og tap frå plastproduksjon. I tillegg kjem nedbrytinga av dei store mengda med marint plastavfall, som førar til sekundær mikroplast.

Utslepp av kjemikaliar i naturen har eit svært komplisert saksbilete. Granulat frå bildekk har fleire miljøfarlege stoff og bidreg til den kjemiske cocktailen i det marine miljøet. Denne samanblandinga av ulike kjemikaliar er uoversiktleg, og er noko som er vanskeleg å sjå effekten av før det har gått tid.

I tillegg kjem påverknaden på brukarar av banane. I 2006 vart det berekna at nivået av kreftframkallande stoff, og påverknaden av dei, var for lågt til å utgjere ein reell fare. Likevel vart det åtvare mot bruken av desse i eit helseperspektiv. Det same gjaldt for utslepp av kjemikaliar til vatn, der det vart påvist risiko for negative miljøeffektar i lokalt overflatevatn.

#### Kunstgrasbanar i Noreg

Det er estimert til å vere kring 130 000 tonn granulat i bruk i Noreg, 76 000 av desse på fotballbanar. For tida finst det over 1 000 store banar (64 x 100m), opp under 400 mindre banar (40 x 60m) og over 2 500 ballbingar eller liknande. I tillegg kjem andre banestorleiker og leikeplassar. Slitasje på bandedekket førar òg til utslipp til vassdrag og avlaup av partiklar frå sjølve kunstgraset.

Det er normalt å berekne at det er mellom 75–120 tonn granulat på ein bane i full storleik, der kring 10 % skal verte fylt på kvart år, avhengig av mellom anna snøbrøyting, bandedesign og driftsrutinar. Det totale utslippet er berekna til kring 1 500 tonn, som er det nest høgaste talet på utslipp av primær mikroplast etter slitasje på bildekk. Utslippet skjer ved drenering til vassdrag, drenering til avlaupssystem som reinseanlegg ikkje fullstendig tek høgde for, og oppsamling i klede og sko til brukarar. Partiklane ender så i havet gjennom klesvask. Bandedesign, drifts- og vedlikehaldsrutinar og rutinar knytt til snøbrøyting er avgjerande for utslippsnivået.

Mens ein naturgrasbane er i bruk kring 400 timar i året, vert ein kunstgrasbane i gjennomsnitt brukt 2 200 timar. Spelemiddelfinansiering er ein viktig del av den store utbygginga, ikkje minst gjennom regelen om at rehabilitering av bandedekke kan skje etter 10 år.

#### Kunstgrasbanar i Meland

Vi har i dag fire kunstgrasbanar i kommunen, med ein under planlegging og ein under planlegging for rehabilitering. I tillegg kjem ballbingar og leikeplassar.

#### Leirdalen idrettsanlegg:

Ein bane i full storleik, som er eigd av Meland kommune og drifta av Nordre Holsnøy IL. Idrettslaget har rutinar for å avgrense spreinga av granulat ved snøbrøyting, baserer seg på gjenbruk og har ikkje lager av granulat. Bana vart påfylla i 2016.

#### Vestbygd skule:

Ein bane i storleik 29x49 meter (5-bane), eigd og drifta av Nordre Holsnøy IL. Grunneigar er Meland kommune. Bana vert drifta tilsvarande som i Leirdalen.

#### Fossemyra idrettspark:

To banar i full storleik, som vert eigde og drivne av IL Kvernbit. Grunneigar på nordre bane er Meland kommune. Idrettslaget har berre eit mindre lager av gummigranulat, og baserer seg på gjenbruk av granulat. Drifta har rutinar på å samle granulat etter snøbrøyting, og tømmer sluk to gongar i året. I samband med planlegginga for ny rehabilitert bane og etablering av bane 3, er det lagt opp til å etablere oppsamlingskammer i tre nivå der idrettsanlegget drenerer mot Mjåtveitelva. Det har vorte vurdert bruk av korkgranulat på bane 3.

#### Ballbingar og leikeplassar:

Det er åtte ballbingar og eit større tal på leikeplassar i kommunen. Desse har ikkje vore vurdert i saka.

### **Potensielle tiltak**

#### Overgang til naturgras

Naturgrasbanar er meir komplisert å drifte, kostbare å etablere og er i bruk gjennomsnittleg 18% av tida til ein kunstgrasbane. Tiltaket er vurdert som ikkje å vere aktuelt.

#### Betre design og sikring av kunstgrasbanar for å unngå tap av gummigranulat og kunstgras

Design av banar, tryggingssonar og dreneringssystem med oppsamlingskummer kan bøte på noko av tapet av granulat. Tiltaket kan vere aktuelt, men krev investeringar.

#### Rutinar for snøbrøyting, reinsing og fordeling

Gode rutinar for å ta vare på og sikre så mykje som mogleg av granulaten gjennom drifta er svært viktig for å redusere utslipp. Tiltaket samsvarer med idrettslaga si drift.

#### Trygg oppbevaring av granulat og gjenbruksordningar

Oppbevaring på kontrollerte plassar som er sikra mot avrenning til vassdrag vil redusere utsleppa. Gjenbruk av granulat og returordningar sikrar betre styring på utslepp. Tiltaket samsvarer dels med idrettslaga si drift.

#### Utbetre reinseanlegg

Vil kunne betre reinsinga av mikroplast på generell basis. Tiltaket har ukjent kostnad, tekniske utfordringar og effekt.

#### Undersøkje miljøvennlege alternativ til gummigranulat på kunstgrasbanar

Termoplastgranulat. Tiltaket vil ikkje bøte på problematikken knytt til utslepp av mikroplast, men kan ha positive helseeffektar sidan denne varianten har mindre miljøgifter. Termoplast er ikkje eit eintydig omgrep. Tiltaket vil medføre meirkostnadar, og krev investeringar.

Korkgranulat. Tiltaket vil bøte på utsleppa av mikroplast, men er rapportert å vere vanskeleg å få tak i. Granulaten kan òg ha utfordringar i eitt vått vestlandsklima. Miljøkonsekvensar av produksjonen har ikkje vore kjende i denne vurderinga. Tiltaket vil medføre meirkostnadar, og krev investeringar.

### Vurdere å stille krav til drift av kunstgrasbanar i lokal forskrift

Tiltaket må greiast ut nærmare, sett i forhold til lovverk, reguleringar og nasjonalt arbeid på feltet.

#### Vegen vidare

Regjeringa har varsla at temaet vil verte ein del av den kommande plaststrategien. Det skjer mykje forskning på feltet, og mange kommunar og fylkeskommunar arbeider med tilsvarande problemstillingar. Fotballen sjølv er involvert i saka, og Fotballspillerenes interesseorganisasjon har oppmoda om at problematikken må undersøkast nærmare.

Med omsyn til konteksten saka står i, idretten som frivillig aktør og dei klare positive effektane kunstgrasbanane har for helsa til barn og unge, bør saka greiast ut vidare. Dette bør skje i ei arbeidsgruppe sett saman av representantar for relevante fagfelt i administrasjonen og frå idretten.

#### **Folkehelse**

Gode kunstgrasbanar er svært viktige for barn og unge si helse. Samstundes er det store miljøutfordringar knytt til banetypen.

#### **Miljø**

Saka har tydelege konsekvensar for miljøet.

#### **Økonomi**

Fleire av tiltaka kan utløyse behov for investeringar ved idrettsanlegga.

#### **Konklusjon**

Vurderinga av problematikken knytt til granulatbruk i kunstgrasbanar ligg føre. Saka kan danne eit bakteppe og grunnlag for vidare arbeid.

#### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret ønskjer på sikt å fase ut bruken av gummi- og plastgranulat på kunstgrasbanar i Meland. Det vert sett ned ei arbeidsgruppe med medlemmar frå administrasjonen og idretten, som får som mandat å greie ut eit opplegg som kan sørge for ein framtidig overgang til meir miljøvennlege alternativ til dagens situasjon, i samsvar med nasjonalt arbeid innafør temaet. Arbeidsgruppa kjem med tilbakemelding og resultat av arbeidet til Utval for levekår»



# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingrid Raniseth	HistSak - 12/1001, Gbnr - 9/156, PlanID - 125620120002	14/933

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
14/2017	Utval for drift og utvikling	PS	07.03.2017
31/2017	Kommunestyret	PS	29.03.2017

## Reguleringsplan for Hjertås industriområde sør. 2. gongs handsaming

### Vedlegg:

Planskildring, 22.02.17

Føresegner 22.02.17

Plankart, 10.02.17

VA-rammeplan, 15.02.17

Kartvedlegg Hjertås industriområde sør

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

På oppdrag frå Bo-Bygg AS legg Opus Bergen AS fram reguleringsendring for Hjertås industriområde sør. Planområdet er på om lag 80 daa og er lokalisert på Hjertås på sørsida av Fv. 564 Rosslandsvegen. Reguleringsendringa legg til rette for ei utviding av areal avsett til næring, samt å gjere området for masseuttak mindre. Kaiområdet vert vidareført frå gjeldande plan, sjå vedlegg.

#### Kort om planforslaget

Planområdet er delt i to næringsområde (N1 og N2) som rettar seg mot vegen, og eit nedre steinbrot-nærings- og kaiområde (SM/N/KAI) som delvis vender seg mot sjø.

Planforslaget regulerer planeringshøgde og maksimal mønehøgde for kommande industribygningar og det er lagt inn byggegrenser. Tilkomst til området er via Rosslandsvegen (o\_V) og det er prosjektert to interne vegar (V1 og V2). Utover dette er ikkje området detaljutforma då det i følgje planskildringa er ønske frå forslagstillar å behalde ein viss fleksibilitet i høve til kva bedrifter som vil etablere seg. Planen regulerer slik sett først og fremst volum.

Innafor næringsområda (N1,N2) kan det etablerast næring, interne vegar, parkeringsplassar og anna infrastruktur. I føresegnene legg ein opp til ei utnyttingsgrad på 35 %-BYA. Parkeringsareal inngår ikkje i %- BYA.

I søre del av området (SM/N/KAI) kan det etablerast steinbrot/masseuttak, næring, kai, interne vegar, parkeringsplassar og anna infrastruktur. Utnyttingsgrad er 35% BYA . Parkering er tillate på tak og inngår ikkje i %- BYA. Her er òg lagt inn snuhammar (V3).

Det er regulert gang- og sykkelveg (o\_GS1-2) langs Rosslandsvegen, og dette i lag med nytt kryss til

hovudvegen skal vere etablert ført det vert gjeve igangsettingsløyve til nye tiltak. Regulering av vegareal er avklart med Statens vegvesen.

### Planprosess

Planarbeidet har av ulike årsaker gått føre seg over lang tid, mellom anna på grunn av motsegn frå Forsvarsbygg og forbodssone i sjø.

Det vart gjennomført oppstartsmøte mellom Bo-Bygg, OPUS Bergen AS og Meland kommune 01.02.2012, med gjennomgang av planområdet og rammer for gjennomføring. Varslingsbrev til partar, naboar og offentleg og private høyringsinstansar vart sendt ut mai 2012. Planoppstart vart annonsert i avisa Nordhordland 12.05.12. og frist for merknader vart sett til 10.06.12.

Ny avgrensa varslingsvart sendt ut i perioden 12.12.12 til 11.01.13, då areala i sjø ved ein inkurie ikkje var tatt med i opphavleg varslingsvart. Planområdet vart òg utvida til å inkludere vegareal for delar av Fv. 564 i nord. Merknadsfrist vart her sett til 11.01.2013.

Planforslaget vart levert til 1. gongs handsaming september 2013. Det vart i oktober 2013 sendt avgrensa varsel til Bergen og omland havnevesen med eit plankart som viser utvida hamneområde i sjø etter ønske frå Meland kommune. Forslaget var sendt på høyring i 2014, og med ein utvida høyringsrunde i januar 2015. Her fremja Forsvarsbygg motsegn til planen på grunn av at formåla Kai og Hamneområde i sjø ikkje var forenleg med Forvaret si interesse og aktivitet knytt til Heggerneset målestasjon og militær forbodssone.

Etter drøftingsmøte mellom kommunen, tiltakshavar og Forsvarsbygg, 13.04.2015, kom ein fram til at planforslaget ikkje kunne endre formål i sjø eller endre storleik på djupvasskaien, men berre vidareføre det som ligg i gjeldande reguleringsplan for Hjertås industriområde. Motsegna er no avklara og imøtekome i det endelege planforslaget.

Meland kommune mottok planskildring, plankart, føresegner og tekniske vegteikningar 05.12.2016. Etter endringar etter krav frå administrasjonen og innlevering av VA-rammeplan 15.02.17, reknar ein planforslaget som fullstendig til 2. gongs handsaming.

Det kom inn til saman 13 uttaler til offentleg ettersyn i 2014/utvida høyringsrunde 2015, samt merknader/ avklaringar i 2016. Desse er oppsummert av plankonsulenten og vert kommentert av administrasjonen slik det går fram under.

Merknad frå	Innhald, oppsummert av plankons.	Kommentar frå administrasjonen
Bergen og omland Hamnevesen, 13.05.14	<ul style="list-style-type: none"><li>• Det er i føresegnene tatt med orientering om søknadsplikt etter Havne- og farvannslova.</li><li>• Elles ingen merknader til reguleringsplanen.</li></ul>	
Stiftinga Bergen Sjøfartsmuseum, 19.05.14	<ul style="list-style-type: none"><li>• Ikkje kjennskap til automatisk freda eller andre verneverdige minne i området</li><li>• Peikar elles på den generelle varslingsplikta</li></ul>	

<p>Fylkesmannen i Hordaland, datert 03.06.14</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Planen er i tråd med kommuneplan med unntak av djupvasskai.</li> <li>Elles ingen merknader til reguleringsplanen.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utviding av kai er tatt ut av planen</li> </ul>
<p>Statens vegvesen Region Vest, datert 05.06.14</p>	<p><b>Kryss med Fv. 564:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Viser til uttale til oppstart og at utforming av kryss ikkje er følgt opp i planforslaget</li> <li>SVV føreset at krysset vert utforma i tråd med H017, H233 og H263</li> <li>Ein rår kommunen til å setje krav om vegteikningar for kryss og at desse skal vere godkjente av SVV før vedtak</li> </ul> <p><b>Rekkefølgekrav:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Det må innarbeidast rekkefølgekrav for når krysset skal vere ferdigstilt</li> <li>SVV rår til at kryss samt omlegging av gs-veg må vere ferdigstilt før igangsetting av nye tiltak</li> </ul> <p><b>Forretning:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Føresegner og plankart ikkje i samsvar når det gjeld arealformålet Forretning.</li> </ul> <p style="padding-left: 40px;">Formålet er heller ikkje i tråd med KP og gjeldande reguleringsplan</p> <p><b>Parkering:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Krav til sykkelparkering bør inn i føresegnene</li> </ul> <p><b>Anna veggrunn:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Skjering/fylling langs Fv. bør regulerast som anna veggrunn</li> <li>Veggrunn mellom gs-veg og hovudveg bør regulerast til anna veggrunn-grøntareal</li> <li>Legging av kablar må avklarast med SVV</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Nytt kryss er ikkje detaljprosjektert i reguleringsplanen, men vert utarbeid i samband med byggesøknad jf. §2.3 i føresegnene</li> <li>Tverrprofil og lengdeprofil for V2 er levert saman med planforslaget</li> <li>Rekkefølgekrav for kryss/gs-veg er tatt inn i føresegnene jf. §2.4 (4)</li> <li>Arealformålet er endra til Næring</li> <li>Parkeringsanalyse skal avdekke behov for sykkelparkering</li> <li>Anna veggrunn er tatt inn i plankart</li> </ul>

	<p><b>Mjuka trafikantar:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Plankart viser ikkje interne gs-vegar. Bør inngå i teikningar som følgjer byggemelding</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Byggeplan skal godkjennast av SVV og gjennomføringsavtale inngåast, jf. §2.3 (5)</li> <li>Forslagsstillar vil vise interne gs-vegar i utomhusplan, jf. §2.3</li> </ul>
<p>Fiskeridirektoratet, 11.06.14</p> <p>NVE, datert 23.12.14</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Det er ikkje tatt omsyn til uttalen ved oppstart som gjeld påverknad for akvakulturverksemd i Laksevika</li> </ul> <p>Ingen merknader</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utvida hamneområde er tatt ut av det endelege planforslaget</li> </ul>
<p>Fiskarlaget Vest, 20.01.14</p> <p>Forsvarsbygg, 12.01.15</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Viser til låssettingplass og meiner det må vere null miljøskadeleg utslepp til fjordane. Dette må dokumenteras.</li> <li>NIFES/Mattilsyn lyt koplast inn mtp mattryggleik</li> <li>Status på resipienten/fjorden før utbygging</li> <li>Lys på kai som forurensingskilde</li> <li>Går ikkje imot søknad om ovannemnde vert tatt omsyn til</li> <li>Viser til Havressurslova</li> <li>Varslar motsegn med bakgrunn i kai- og havneformål, då desse ikkje er i samsvar med Forvarets interesser i sjø</li> <li>Viser til Heggerneset målestasjon og militær forbodssone i sjø</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ved etablering av urein næring skal aktuell fagmyndighet kontaktas, jf. §2.8</li> <li>Utover dette inneheld ikkje planframlegget endringar i høve til opprinneleg plan</li> <li>Motsegn imøtekome. Kaiområdet er trekt tilbake og hamneområdet er tatt ut av planen som no føreligg</li> </ul>
<p>Fylkesmannen i Hordaland, 19.01.15</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Konkluderer med at motsegna frå Forsvarsbygg er tilstrekkeleg grunnjevne og tydeleg forankra i lovverk og nasjonale føringar</li> <li>Meland kommune vil arbeide vidare i dialog med sikte på eit revidert planforslag som partane kan einast om</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Motsegn imøtekome</li> </ul>

<p>Fylkesmannen i Hordaland, 17.03.16</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Viser til spørsmål om trekking av innsigelse</li> <li>• Forsvaret vil vurdere om og når denne evt kan trekkas</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Motsegn imøtekome</li> </ul>
<p>Forsvarsbygg, 21.03.16</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Etter drøftingsmøte mellom kommune, tiltakshavar og Forsvarsbygg, vert FB bedt om å trekke motsegna</li> <li>• FB vil trekke motsegna under føresetnad av at tiltak i sjø og strandline vert førelagt FB og at kaifront ikkje blir utvida</li> <li>• Desse føresetnedane må forankrast i føresegnene</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tiltak i sjø som rører ved Forsvarets interesser er søknadspliktig og skal sendast til Forsvarsbygg for uttale, jf. §2.7</li> </ul>
<p>Statens vegvesen, 06.06.16</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Etterspør tekniske vegteikningar for kryss/avkøyrsløse</li> <li>• Fall frå Fv. 564 til V2 skal gå frå køyrebane kant</li> <li>• Frisiktsone V2 og gs-veg må vise i plankart og regulast til anna veggrunn</li> <li>• Rår til at minimumskrav til sykkelparkering bør vere høgare enn null i parkeringsanalysen</li> <li>• Byggeplan skal vere godkjent av SVV og det skal vere inngått gjennomføringsavtale. Bør takast inn i føresegner.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tekniske teikningar for kryss/avkøyrsløse er teke inn som krav til byggesøknad § 2.3</li> <li>• Fall korrigert jf. lengdeprofil</li> <li>• Anna veggrunn regulert inn</li> <li>• Parkeringsanalyse vil avdekke behov uavhengig av minimumskrav</li> <li>• Byggeplan skal godkjennast av SVV og gjennomføringsavtale inngåast, jf. §2.3 (5)</li> </ul>
<p>Direktoratet for mineralforvaltning, 26.01.17.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Minner om krav til konsesjon i forbindelse med uttak på meir enn 10 000 m<sup>3</sup> og eitkvart uttak av naturstein</li> <li>• I samband med konsesjonssøknad skal det utarbeidast driftsplan</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ivaretatt i § 3.3. (2)</li> </ul>

## **Endringar i planforslaget etter offentlig ettersyn:**

### Busetnad og anlegg

- o\_HS Hamneområde i sjø er tatt ut av planen
- formålet for kai vert ikkje utvida, men vidareført frå gjeldande plan
- plangrensa mot sjø følgjer strandlina/eigedomsgrensa

Jf. merknad frå Forsvarsbygg

### Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- nytt kryss frå fylkesveg 564 skal prosjektertast i samband med byggesøknad
- gang- og sykkelvegen langs fylkesvegen er lagt om
- rekkefølgekrev for opparbeiding av kryss og omlegging av gang- og sykkelveg er sikra i føresegnene
- anna vegggrunn for grøntareal og teknisk anlegg er regulert inn

Jf. merknad frå Statens vegvesen

- intern veg i området, V3, har fått snuhammar

Jf. merknad frå administrasjonen

### Grønstruktur

- o\_fo1 og o\_f2 Friområde er endra til grønstruktur

Jf. merknad frå administrasjonen

### Føresegner

- Utomhusplan, parkeringsanalyse og VA-plan skal utarbeidast til byggesøknad
- Ved rammesøknad skal fjernverknad visualiserast
- Fleire krav til utforming og estetikk
- Avbøtande tiltak i anleggsperioden i høve avrenning/forureining til Fløksandelva

Jf. merknad frå administrasjonen

### Kartframstilling

- Sikringsgjerde er lagt inn der naudsynt i N2
- Fylling/skjering langs interne vegar er lagt inn
- Regulert støttemur langs V3 er lagt inn
- Høgdedata for interne vegar er ført på
- Planeringshøgder er påført

Jf. merknad frå administrasjonen

## **Vurdering**

### Hovudformål

Framlegg til reguleringsplan er i tråd med overordna plan og administrasjonen sluttar seg i utgangspunktet til hovudgrepet i planforslaget med utviing av næringsareal og tilrettelegging av infrastruktur.

### Parkering

Planforslaget legg opp til at parkering vert løyst innafor kvart delområde og at det min. skal vere 1 parkeringsplass for bil pr. 250 m<sup>2</sup> for lagerverksemd og 1 parkeringsplass for bil pr. 100 m<sup>2</sup> for industri/verkstad. Parkeringsanalyse skal leggjast ved byggjesøknad og skal mellom anna dokumentera behov og løysingar for sykkelparkering. Dette er i samsvar med føresegnene til kommuneplanen.

### Veg

Krysset frå fylkesvegen og inn i planområdet, samt omlegging av gang- og sykkelveg er gjort i dialog med Statens vegvesen. I utomhusplan skal ein vise løysingar for interne vegar og gong/sykkelvegar. Krysset skal detaljprosjekterast, og tekniske vegteikningar er ein del av dokumentasjon til byggesøknad.

Det er to hovudvegar inn i området og vegen ned til sjø (V2) er lagt i krevjande terreng. Vegen ser ut til halde seg innafor krava til stigning, men administrasjonen saknar ei vurdering av terrenginngrep då det vert store fyllingar/skjeringar og støttemurar. Ein føreset at dette vert vurdert i byggesøknaden. Krav til utforming og estetikk er gitt i §2.5 i føresegnene.

### Utnyttingsgrad / byggjehøgder / estetikk

Maks byggehøgde er sett til 12 meter. Planområdet er flateregulert der kvart delfelt har ein utnyttingsgrad på 35 %-BYA. BYA reknar fotavtrykket til bygningar. I N2 vil då maks bygd areal utgjere 7750m<sup>2</sup> BYA, parkering ikkje inkludert. Det er store volum det er snakk om, og administrasjonen meiner at planen burde vore meir detaljert om korleis dei komande bygningane og vegane vil bli plasserte og tilpassa terrenget då området er eksponert.

I føresegnene er det stilt generelle krav til utforming, kvalitet og estetikk til bygningar. Administrasjonen meiner at ein her kunne vore meir detaljert med ei eigen føresegn om forbod mot oppsetting av plasthall/telt.

Administrasjonen vurderer at terrengtilpassing og estetikk kunne vore betre utgreia, men gjer merksam på at planen er ei endring av gjeldande plan med same detaljgjeringsgrad. Administrasjonen føreset at utforming og estetikk vert ivaretatt gjennom utomhusplan som skal utarbeidast for kvart delfelt, samt visualisering av fjernverknad frå sjø.

### Vann, avløp og slokkevatn

Det er utarbeidd VA-rammeplan for planområdet som skal leggjast til grunn for vidare detaljprosjektering av området.

Det ligg offentleg anlegg for vatn i eksisterande gang- og sykkelveg forbi området. Ein gjer særleg merksam på tilgang til naudsynt slokkevatn. Brannteknisk vurdering bør gjerast i tidleg fase då eventuelle bygg med sprinkelanlegg krev store volum med vatn.

### Naturmangfaldsloven

Planområdet er i dag nytta som masseuttak og ber lite preg av naturleg vegetasjon og det omfattar heller ikkje område for friluftaktivitet. Vest i planområdet renn Fløksandelva som har oppgang av laksefisk.

I det nye planframlegget ligg arealet avsett til næring (N1) tettare på Fløksandelva enn det førre. I plankartet er næringsområdet N1 og intern veg til sjø (V2) nærare elva enn 50 m, som er den tillate byggegrensa mot vassdrag jf. kommuneplan. Omsyn til elva under anleggsperioden med avrenning og forureining vert ivaretatt i føresegnene § 2.13 (2) . Etter etablering av V2 syner plankartet avbøtande tiltak ved ei buffersone med vegetasjon på om lag 20-30m mot elva.

Administrasjonen meiner at omsynet til naturmangfald vert ivaretatt i planforslaget med krav til avbøtande tiltak under anleggsperioden og etter ferdigstilling.

Folkehelse: Tiltaket fører ikkje til auka støy frå masseuttaket, men utvidinga av næringsarealet vil på sikt føre til auka trafikk og endring av støybilete. Støy frå området skal følgje gjeldande støyretningsliner jf. § 2.13. (1) og det er ikkje tillat å etablere anlegg som er til sjenanse for nærområdet.

Det er i føresegnene òg gjort greie for avbøtande tiltak som tidsavgrensa arbeidstid i masseuttaket jf. § 2.14.

Gang- og sykkelveg går forbi området i dag og denne er lagt om i planforslaget slik at ferdsel forbi området kan føregå trygt. Tilrettelegging for sykkelparkering er ivaretatt i føresegnene.

Ein ser ikkje at reguleringsplanen vil ha negativ påverknad på folkehelsa.

Økonomi: Ikkje relevant for denne saka

### **Konklusjon**

Administrasjonen meiner at det planframlegget som no er utarbeidd er klar for sluttbehandling og godkjenning under føresetnad at det vert lagt inn ei føresegn for forbod mot plasthall/telt under § 2.5 Krav til utforming og estetikk før vedtak.

Prosesen har vore lang og planen er gjennomtenkt, med fleire justeringar og tilpassingar undervegs. Plankart og føresegner er oppdatert etter sist offentleg ettersyn, jf. kommentarane til merknadene og kommentarar frå administrasjonen.

### **Framlegg til vedtak:**

«Meland kommunestyre godkjenner, under føresetnad gitt i konklusjon, framlegg til reguleringsplan for Hjertås industriområde Sør, planid 1256 2012 002, som vist på plankart med siste revisjonsdato 10.02.2017 og med reguleringsføresegner av revisjonsdato 22.02.2017.

Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.»

### **Utval for drift og utvikling - 14/2017**

#### **UDU - behandling:**

#### **UDU - Samrøystes framlegg til vedtak:**

«Meland kommunestyre godkjenner, under føresetnad gitt i konklusjon, framlegg til reguleringsplan for Hjertås industriområde Sør, planid 1256 2012 002, som vist på plankart med siste revisjonsdato 10.02.2017 og med reguleringsføresegner av revisjonsdato 22.02.2017.

Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.»



# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anny Bastesen	FE - 121	15/2396

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
41/2017	Formannskapet	PS	29.03.2017
32/2017	Kommunestyret	PS	29.03.2017

## Høyringsuttale, Regional transportplan Hordaland 2018 - 2029

### Vedlegg:

Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - Høyring av planforslag  
Høyring - Planprogram for regional transportplan Hordaland 2018 - 2029 (RTP)

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Hordaland Fylkeskommune v/Samferdselsavdelinga har ved skriv datert 24.02.2017 sendt Regional transportplan Hordaland 2018 – 2029 (RTP) ut på høyring, etter vedtak i fylkesutvalet dagen før. Høyringsfristen er 7. april 2017, med sikte på endeleg vedtak i fylkestinget juni 2017.

Planframlegget er tilgjengeleg på heimesida til fylkeskommunen, [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Planarbeidet starta i 2015, med vedtak om planprogram i november same år. Kommunestyret gav høyringsuttale til planarbeidet i møte 25.11.2015, sak KS-103/2015.

Ei administrativ prosjektgruppe har stått for arbeidet, sett saman av fylkeskommunen, samferdselsetatane, regionråda og Bergen kommune. Elles har det vore regionvise møte der øvrige kommunar har vore invitert inn, før endeleg planframlegg vart utarbeidd.

RTP skal utarbeide mål, strategiar og tiltak for ulike plantema innan transport i fylket. I tillegg omfattar transportplanen tema frå andre regionale planar, som areal- og transportplanen, klimaplanen, kollektivstrategien, senterstrukturplanen, strategi for innfartsparkering og folkehelseplanen. Det er såleis blitt eit omfattande dokument, som skal legge rammer for regionale etatar, staten og kommunane si versemnd og planlegging.

Transportplanen gjev grunnlag for å reise motsegn mot kommunale planforslag. Føresetnaden er at kommunale arealplanar er i strid med viktige nasjonale og regionale interesser, og motsegn skal grunnjevast. Viktig regional interesse er truleg om kommunale planar føyer seg inn under transportplanen og dei andre tema som er teke inn der.

Det overordna målet for RTP er at «Hordaland skal ha eit sikkert transportsystem som ivaretek

mobilitetsbehov og bidreg til omstilling til lågutsleppssamfunnet.»

### **Vurdering**

Administrasjonen har i hovudsak sett på tema som omfattar økonomi, veg og transport.

#### Fylkesvegnettet, kapittel 5

Planen erkjenner at forfallet på fylkesvegnettet i Hordaland er stort, og at det er behov for vesentleg auka innsats for å ta vare på vegnettet. Målet er eit trafiksikkert og framkomeleg fylkesvegnett, der vedlikehaldet blir styrka slik at veksten i forfallet blir stoppa. For Meland sin del er dette eit svært viktig mål. Målet er rett nok modifisert gjennom at planen tek atterhald om økonomiske rammer og politiske prioriteringar; slik vil det alltid vere.

Det overordna vegnettet skal ha samanhengande god standard, minst tilsvarande «utbetningsstandard». I Meland gjeld det strekningen Flatøy – Frekhaug – Dalstø. Den første delen (Flatøy – Frekhaug) har såkalla «høg funksjonsklasse» medan den andre delen (Frekhaug – Dalstø) er ein «sekundærveg med høg trafikkbelastning». Det overordna fylkesvegnettet er kvalifisert for strekningsvise standardhevingstiltak med vedlikehaldskaraktar, og alle desse strekningane i Hordaland er kartlagt.

Fylkesvegane elles i kommunen er i klassen «øvrigte fylkesvegar». Målet for desse er utbetring / sikring av særleg utsette punkt.

Sidan dei økonomiske rammene ikkje er større enn dei er, er det vesentleg å utnytte midlane best mogeleg. Planen inneheld ein del strategiar som byggjer opp under dette, t.d. å legge nøktern standard til grunn ved utbetring av eksisterande vegar og enkeltpunkt (s. 38 i planen). Etter administrasjonen sitt syn er dette fornuftige grep. Fylkeskommunen ønskjer å vere tydeleg på standardval tidleg i nye vegprosjekt. Målet er brukbar standard ved utbetring, der trafikktryggleiken for mjuke trafikantar står høgast i kurs.

Fylkeskommunen ønskjer elles å prioritere drift og vedlikehald av eksisterande vegnett (medrekna utbetring og sikring) framfor nye anlegg. Det er sett opp ein del gode overordna mål for drift og vedlikehald på s. 43 i planen. Dei største utfordringane på kostnadssida er knytt til tunnelar, bruer og vegkropp. Det skal lagast gjennomføringsprogram for dei tre elementa. Meland har tre bruer over fylkevegen; ved Frekhaug senter, ved Dalstø og ved Hjertås. I eit gjennomføringsprogram må desse tre omtalast særskilt, slik administrasjonen ser det.

Planen tek elles til orde for auka satsing på sykkel og gange. I dette ligg prioritering av gang- og sykkelnettet i tettstader. Administrasjonen saknar ei satsing på gang- og sykkelvegar langs vegnettet ut til store bustad- og næringsområde utanfor kommunesentra også.

Når det gjeld beredskapen på fylkesvegnettet, har fylkeskommunen ansvar for å leggje til rette for regionalt tilpassa transportberedskap ved ekstraordinære hendingar. Omkøyringsvegar ved stengingar på riksvegnettet har fått ein eigen plass i dokumentet, men her er ikkje konsekvensane for Nordhordland nemnt. Det tyder at hyppige stans i trafikken på E39, særleg gjennom Åsane, ikkje kvalifiserer for høve til omkøyring. Administrasjonen synes ikkje dette er bra.

Planen tek elles til orde for omklassifisering av fylkesvegar, ut frå vegkategori i høve til vegnormalen, trafikkmengde og trafikal funksjon.

Kapittel 5 blir avslutta med punkt 5.3 Tiltak. Med tanke på dei gode strategiane som er lista opp tidlegare i kapitlet, er det overraskande at strategiane – særleg knytt til utbetringar og auka satsing på vedlikehald – ikkje er følgt opp på tiltakslista. Dette gjer at tilstanden framleis er problematisk i høve til tilrettelegging for mogeleg vekst og verdiskaping.

#### Økonomiske rammene 2018 - 2021, kapittel 4

Dei økonomiske rammene er for ein stor del bunde opp av tidlegare vedtekne prosjekt i Bergensprogrammet og andre kommunevise vegpakker/prosjekt. Det er sett av ein god sum til standardhevingstiltak kvart år (til saman 1,18 mrd i perioden), elles er det ein mindre sum til disposisjon til andre tiltak (til saman 108 mill i perioden). Konkrete tiltak skal prioriterast i Investeringsprogrammet for Fylkesvegnettet. Investeringsprogrammet blir såleis eit viktig politisk tema.

#### Transport i Bergensområdet, kapittel 7

Dette kapitlet er felles med kapittel 4.3 i den andre planen som er ute på høyring, Regional areal- og transportplan i Bergensområdet. Veksten i persontransporten skal takast med kollektiv, sykkel og gange. Då må kollektivtilbodet styrkast, og ein stor del av resterande person- og næringstransport må over på låg- eller nullutsleppsteknologi.

Der kapittel 5 syner ei god forståing for tilstanden på fylkesvegnettet og behovet for å ta grep, syner kapittel 7 at samordning ikkje er enkelt. Det er ei einssidig vektlegging på at personbiltrafikken skal ned, utan at kollektivtilbodet skal styrkast tilsvarande. Det som provoserer mest i dette kapitlet, er kravet om at arealutviklinga i kommunane skal skje i tilknytning til stamlinene i kollektivsystemet. Dette kravet slår beina under all satsing på klimavenleg arealplanlegging. Kollektivtilbodet i tilknytning til stamlinene er langt frå godt nok til å vere eit reelt alternativ til auka biltrafikk. Sentrale deler av Bergen har eit godt kollektivtilbod, men ein skal ikkje langt utanfor Bergen kommune sine grenser før tilbodet raknar. Det fins mange andre kriterer for klimavenleg og berekraftig arealplanlegging enn å klistre seg til stamlinene i kollektivsystemet.

Båttilbodet er nemnt, her skal det lagast ein eigen trafikkplan som skal gje tilråding om framtidige båtsamband i fylkekommunal regi. Administrasjonen legg til grunn at aktuelle kommunar blir trekt inn i dette arbeidet. Eit utvida båttilbod frå Nordhordland / Frekhaug vil i særklasse avlaste den vegbaserte trafikken til og frå Bergen sentrum. Det bør vere aktuelt å satse på utvikling av null- og lågutsleppsteknologi, med statleg støtte.

#### Regionsenter, kapittel 8

Her blir det slått fast at det blir ingen satsing på transportreducerande tiltak, auka kollektivtilbod eller auka satsing på sykkel og gange for Meland sin del eller ute i kommunane generelt, utover noko tilrettelegging i regionsentra. Sentraliseringa fører til auka transportbehov, fordi regionale tenestetilbod som tidlegare låg i komunesentra skal flyttast til regionsenter eller til Bergen.

#### Handlingsprogram 2018 - 2021

Hordaland Fylkeskommune vil samarbeide med kommunane om program for tiltak til trygg skuleveg (tiltak 5.2), reiseliv og kollektivtransport (tiltak 6.1) og ansvar for fysisk tilrettelegging for drosjenæringa (tiltak 7.6). Ansvaret for finansiering av tiltak på fylkesvegnettet i høve til reiseliv er tenkt delt på fylkeskommunen, kommunane og private aktørar (tiltak 5.6).

Når det gjeld Trafikkplan for båttilbodet (tiltak 7.4) og Handlingsplan for innfartsparkering (tiltak 7.5) er ikkje kommunane nemnt som samarbeidspartar. For begge desse tiltaka bør kommunanen førast opp som samarbeidspartar.

Folkehelse: Ingen verknad; ingen satsing på gang- og sykkelveggar utanom regionsentra  
Miljø: Nullvekst i personbiltrafikken i Bergensområdet er lagt til grunn, men det er ikkje lagt inn tiltak som kan avlaste biltrafikken utover smale målgrupper langs stamlinene  
Økonomi: Tronje økonomiske rammer regionalt medfører at store utbetningskostnader på vegnettet bli lagt på utbyggjarar av bustad- og næringsområde

### **Konklusjon**

Regional transportplan for Hordaland er blitt eit omfangsrikt dokument. Planen tar opp i seg fleire andre regionale plandokument. Det er for så vidt naturleg at transportpolitikken er samordna med arealplanlegginga, men det hadde kanskje vore lettare å få oversikt om tekstoffanget var litt mindre. Med tanke på rulling av dei ulike planane til ulike tidspunkt, vil transportplanen fort kunne gje «forelda» informasjon.

Når dette er sagt, er RTP eit godt plandokument og godt bygd opp, med logiske samanhengar. På ein måte minner RTP om den samordna areal- og transportplanlegginga som det er behov for, men den er likevel ikkje omfattande nok til å femne om alle tema som då er aktuelle.

Dei økonomiske rammene er stramme, og i stor grad bunde opp av tidlegare vedtak. Ei nasjonal satsing på klimavenleg utvikling burde i større grad vore synleg i fylkeskommunale budsjett slik at fleire tiltak kunne gjennomførast. Prioriteringar i gjennomføringsprogrammet for strekningsvise utbetningar og investeringsprogrammet for Fylkesveggar blir såleis viktige politiske saker. Eit velfungerande vegnett er avgjerande for vekst og utvikling, og nødvendig for Bergensregionen si framtid. Det same gjeld for båtruta, og den varsla Trafikkplanen for båttilbodet er ei like viktig politisk sak.

RTP er ein transportplan der særleg kapittel 4 og 5 har verdi for handling og tiltak. Om kommunane kan påvirke noko må det vere gjennom Investeringsprogrammet, og elles samarbeid med regionale mynde om nøktern standard på vegnettet når utbygging er tema. Kollektivsatsing, senterstruktur og annan arealplanlegging er tema i eigne plandokument og blir ikkje nærare kommentert her.

Handlingsprogrammet bør oppdaterast slik at kommunane blir trekt inn som samarbeidspartar på fleire punkt som nemnt over.

### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret i Meland oppfattar Regional transportplan for Bergensområdet 2018 – 2029 som eit godt plandokument når det gjeld tilstanden på fylkesvegnettet og stragegiar for å oppgradere / trygge trafikksituasjonen. Prioriteringar i gjennomføringsprogrammet for strekningsvise utbetningar, investeringsprogrammet for fylkesveggar og trafikkplan for båttilbodet blir viktige politiske saker som det er naturleg at kommunen blir trekt inn i. Handlingprgrammet må oppdaterast slik at kommunane blir teke inn som samarbeidspartar i tiltak 7.4 (båttilbod) og 7.5 (innfartsparkering). Dette gjeld også tiltak 5.6 (fylkesvegnettet og reiseliv) i den grad det er aktuelt for kommunane å vere med på finansiering.»

**Formannskapet skal handsama saka 29.03.17. Ev. nytt framlegg til vedtak vert lagt fram i møtet.**

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anny Bastesen	FE - 121	15/1894

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
42/2017	Formannskapet	PS	29.03.2017
33/2017	Kommunestyret	PS	29.03.2017

## Ny høyring - Regional areal- og transportplan for Bergensområdet

### Vedlegg:

Avgrensa høyring - Regional areal- og transportplan for Bergensområdet.pdf  
Høyring, Regional areal- og transportplan for Bergensområdet  
Kartvedlegg ATP

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Hordaland Fylkeskommune v/Regionalavdelinga har ved skriv datert 17.02.2017 sendt Regional areal- og transportplan for Bergensområdet (ATP) ut på ny, avgrensa høyring, etter møte i politisk arbeidsutval dagen før. Høyringsfristen er 1. april 2017.

Planframlegget er tilgjengeleg på heimesida til fylkeskommunen, [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Planarbeidet starta i 2013 med vedtak om planprogram. Formannskapet gav høyringsuttale til planarbeidet første gong i møte 26.08.2015, FS-sak 100/2015. Etter dette er planframlegget omarbeidd / endra og vore lagt fram i administrativ arbeidsgruppe der rådmennene deltek, og politisk styringsgruppe der ordførarane deltek. Eit politisk arbeidsutval har behandla planen som no er sendt på ny avgrensa høyring.

Hordaland Fylkeskommune ber spesielt om innspel på om planen er tilstrekkeleg tydeleg på korleis den vil bidra til å nå nasjonale og regionale klima- og miljømål. I tillegg ønskjer dei innspel på prinsippet om differensiert arealforvaltning, særleg innafør regionale vekstsoner.

Planen knyter seg sterkt opp til klimautfordringane og Klimaplan for Hordaland sine strategiar for å redusere klimagassutslepp frå vegtrafikken med 50 % innan 2030. I tillegg peiker planen på Regional transportplan for Hordaland 2013 – 2024, Regional plan for attraktive senter i Hordaland, Regional kulturplan for Hordaland m.fl.

### Vurdering

Plandokumentet er omarbeidd i ein viss grad, men det er ikkje gjort greie for kva som er endra sidan førre høyring. Det går heller ikkje fram om dei mange merknadene frå kommunane er teke omsyn til eller ikkje, eller korleis drøftingane i den politiske styringsgruppa og administrative

koordineringsgruppa er følgt opp. Inntrykket er likevel at sjølve dokumentet er blitt ryddigare.

Når det er sagt, er den regionale areal- og transportplanen framleis eit sær omfattande og ordrikt dokument med karakter av «lærebok» og mykje informasjon om utvalte tema. Det er uklart kvifor enkelte tema er gitt særleg fokus, og det er uklart kva det regionale nivået ønskjer med denne framstillinga, som fører til at heilskapen manglar.

Dokumentet startar positivt med å slå fast at Mål, retningsliner og handlingsprogram skal vere retningsgjevande for fylkeskommunen og statlege organ i fylket når det gjeld verksemdplaner, forvaltningsvedtak og budsjett – ikkje førande, som det stod tidlegare. Planen skal òg vere retningsgjevande for kommunal areal- og transportplanlegging. Den har ikkje har tilbakeverande kraft, og gjeldande kommuneplanar og reguleringsplanar er framleis gyldige. Jf pkt 1.2.2. Planen har ikkje juridisk verknad og inneheld ikkje regionale planføresegner.

På den andre sida står det innleiingsvis at mål og retningsliner i ATP **kan** gje grunnlag for å reise motsegn mot kommunale planforslag. Eventuell motsegn skal grunngjevast. I kapittel 5, som er ei samling av retningslinene frå underkapitla, står m.a. følgjande i pkt 1: «*Dersom kommunale arealplanar er i strid med mål og retningsliner i regional plan, er det grunnlag for å motsegn frå statlege og regionale forvaltningsnivå*» (adm. utheving). Dette er utydeleg og juridisk uklart. I vanleg lovforståing og normalt planarbeid er bruk av retningsliner vs. føresegner avgjerande for kva rettar og plikter planen heimlar. Administrasjonen ser dette som eit forsøk på å skaffe seg heimel til å detaljstyre kommunane.

Sjølv om det innleiingsvis står at gjeldande kommuneplanar og reguleringsplanar framleis er gyldige, står det i vidare i kapittel 5, under punkt 1 Verknad av planen: «*Gjennom rullering av kommuneplanen bør utbyggingsareal som enno ikkje er regulert bli vurdert på nytt dersom dei ikkje er i tråd med mål, strategiar og retningsliner i den regionale planen. Eventuell vidareføring av utbyggingsområda må bli begrunna.*» Her blir det altså om å gjere å ikkje rullere kommuneplanen.

I kva grad regionale styresmakter kan nytte ATP for å styre planar og tiltak i kommunane hadde stort fokus i førre høyringsrunde også. Administrasjonen ser ikkje at det regionale nivået har teke dette inn over seg, tvert i mot er detaljstyringsbehovet oppretthalde, og dels forsterka.

### Overordna mål, kapittel 2

Overordna mål og underkapitla om ein konkurransedyktig vekstregion (2.1) og berekraftig mobilitet (2.3) er godt formulert. Administrasjonen vurderer at det er gjort nokre endringar i tråd med høyringsuttaler og drøftingane i styringsgruppa / administrativt koordineringsgruppe. M.a. er det slått fast at mobiliteten skal oppretthaldast, men med miljøvenlege transportmiddel. For å nå nullvekstmålet for biltrafikken må det satsast på eit breidt spekter av verkemiddel. Den globale klimautfordringa (2.2) er greitt presentert.

Balansert utbyggingsmønster skal vere eit fundament for utviklinga (2.4). Utbyggingsmønsteret skal vere arealeffektivt og klimavenleg, basert på den regionale senterstrukturen. Hovudtyngda av veksten i arbeidsplassar og bustader skal kome innafør regionale vekstsoner.

Så kjem det som er mest utfordrande: «*Arealbruksmønsteret må bygge opp under kollektivtransporten og infrastruktur for gåing og sykling*». Dette kunne tolkast positivt som at arealbruksmønsteret kan skape nye vilkår for kollektivtransporten, føre til auka satsing, utvida tilbod og nye liner, og satsing på gang- og sykkelveggar framfor nye bilveggar. Men i planen er arealbruksmønsteret knytt til eksisterande kollektivmønster og eksisterande gang- og sykkelvegnett.

Begge deler er lite utvikla utanom Bergen.

Fokuset på eksisterande kollektivmønster gjennomsyrrer planskildring og tiltak.

#### Planskildring, kapittel 4

Dei overordna måla er utdjupa i kapittel 4, Planskildring. I det vidare er tema som i størst grad påverker kommunen omtala.

I underkapitlet om strategiar – korleis nå måla (4.1) kjem det fram at det balanserte utbyggingsmønsteret som er omtala i kapittel 2, er knytt til eksisterande regionsenter. Det er desse som er dei regionale vekstsonene, sjå figur 26 side 35, vedlagt. Planen tar til orde for konsentrert vekst i utvalde senter, noko som krev eit kompakt utbyggingsmønster om ein skal kunna ta i mot den venta folkeveksten.

I underkapittel 4.2 er denne balansert utvikling nærare omtala i avsnitt 4.2.3. Her blir det avslørt at all vekst eigentleg bør skje i Bergen kommune. Men sidan denne regionen har mange kommunar som alle har mål om vekst i eigen kommune, innser det regionale nivået at dette er lite realistisk. Kva verdiar og potensiale for vekst og utvikling som faktisk fins i kommunane, til beste for regionen og Bergen, seier den regionale? planen i denne samanhengen ingenting om. Når det først er så gale at kommunane ønskjer vekst og utvikling, må ein i alle fall sjå til at transportsystemet i Bergen ikkje blir overbelasta. Det skal løysast ved at den balanserte utviklinga skal gå føre seg i regionsentra, og under føresetnad av at dette blir innfridd er planen positiv til utvikling av bustader og arbeidsplassar i Knarvik, Os, Straume og Kleppstø. Dette er den fleirkjerna senterstrukturen.

Planen plasserer Meland og andre kommunar utan regionsenter utanfor dei regionale vekstsonene, med unntak for Midtmarka / Rotemyra på Flatøy (på grunn av nærleiken til Knarvik). Vi kan få lov til å legge til rette for meir arealkrevjande næringsverksemd, under føresetnad av at vi gjennom planlegging legg til rette for å minimere transportbehovet. For bustadbygginga sin del må vi prioritere fortetting og utbygging i «lokal» vekstsoner kring kommunesenteret og definerte lokalsenter. Meland og Radøy får ikkje noko lokalsenter utanom kommunesenteret, men Lindås, Askøy, Fjell og Os kan få lov til å vurderer fleire definerte lokalsenter under føresetnad av at dei er knytt opp til hovudstrukturen for kollektivsystemet. For Meland sin del er utbygging nær Vikebø senter teke ut i den reviderte planen.

Til slutt i 4.2 er det likevel teke inn at aksen mellom Knarvik og Frekhaug vil bli eit viktig utviklingsområde i framtida.

I underkapittel 4.4 blir utbyggingsmønsteret vidare utdjupa til at nye bustader bør komme som leiligheiter eller andre kompakte utbyggingsformer. Dette inneber at andre «arealreservar» for bustadbygging i kommunane bør «fjernast»; administrasjonen reknar med at ein her meiner ut av kommuneplanen. Utanfor dei regionale vekstsonene skal omsynet til arealverdiar vektleggjast sterkt. Etter det administrasjonen kan sjå er konsekvensane av å ta omsyn til arealverdiar – slik dette er presentert i planen – synonymt med fråflytting og gjengroing av landskapet. Administrasjonen vil sterkt understreke at arealverdiane er mykje meir grundig vurdert samheng og betre ivaretatt i kommuneplanen.

Under strategiane i 4.1 kjem det også fram at ein gjennom planen meiner å ha lukkast med å identifisere gunstige område for lokalisering av ulike næringsstypar. For å finne ut kva dette betyr, må ein studere avsnitt 4.5, der det mellom mykje anna står at det skal vere vekst i arbeidsplassar og areal i alle delar av Bergensområdet. Vekst bør skje ved at arbeidsplassintensiv næringsutvikling og offentleg verksemd blir lokalisert nær hovudstrukturen for kollektivsystemet. Meir arealkrevjande

verksemd skal bli lokalisert på eigna måte i høve til transportinfrastrukturog senterstruktur. Her skal ein kunna nytte eit såkalla ABC-kart (figur 35 side 55) som er laga for å forstå forholdet mellom arealbruk og transportbehov. Konklusjonen til slutt er at ABC-kartet berre er å rekne som ei analyse, planavklaring må skje gjennom kommunal planlegging.

Ein siste strategi i underkapittel 4.1 er at ein felles plan med klarer føringar for arealbruk vil gjere plandialogen meir føreseieleg mellom stat, fylke, kommune og private interesser.

Underkapittel 4.3 handlar om mål og strategiar for utvikling av det regionale transportsystemet. Dette er identisk med kapittel 7 i den andre planen som er ute på høyring, Regional transportplan for Hordaland. Kva for ein plan som eigentleg «eig» dette temaet er uklart.

Veksten i persontransporten skal takast med kollektiv, sykkel og gange. Då må kollektivtilbodet styrkast, og ein stor del av resterande person- og næringstransport må over på låg- eller nullutsleppsteknologi. Men samordning ikkje er enkelt. Det er ei einseitig vektlegging av at personbiltrafikken skal ned, utan at kollektivtilbodet skal styrkast tilsvarande. Dei regionale stamlinene for kollektivtransport, for vår del mellom Bergen og Knarvik, skal vere basis også i det framtidige kollektivnettet. Sentrale deler av Bergen har eit godt kollektivtilbod, men ein skal ikkje langt utanfor Bergen kommune sine grenser før tilbodet raknar.

Det skal elles lagast ein handlingplan for innfartsparkering, og ein eigen trafikkplan som skal gje tilråding om framtidige båtsamband i fylkekommunal regi. Administrasjonen legg til grunn at aktuelle kommunar blir trekt inn i dette arbeidet. Eit utvida båttilbod frå Nordhordland / Frekhaug vil i særklasse avlaste den vegbaserte trafikken til og frå Bergen sentrum. Det bør vere aktuelt å satse på utvikling av null- og lågutsleppsteknologi, med hjelp av statlege tilskotsordningar / støtte.

Kapittel 5 og 6 inneheld retningslinjer og tiltak. Retningslinjene er svært detaljerte og til dels heilt sjølvsegte og unødvendige. Det er vel ingen kommunal arealplanleggjar, samfunnsplanleggjar eller politikar som treng å bli minna om at kommunane bør ha ein bustadreserve i samsvar med befolkningsprognosar, t.d. Her er mange døme på tilsvarande dokumentfyll.

Tiltak handlar for det meste om nye utgreiingar, m.a. om parkeringsnormer, massehandtering, kvalitet i bustadområde, og utarbeiding av bustadbyggeprogram for Bergensregionen.

Mange kartfigurar er små og uleselege, dette bør rettast opp. Mange er såpass utydelege at det ikkje eingong nyttar å forstørre skjermbiletet.

## **Konklusjon**

Fylkeskommunen ber om tilbakemelding på om planen er tilstrekkeleg tydeleg på korleis den vil bidra til å nå nasjonale og regionale klima- og miljømål. Administrasjonen meiner at ein har lukkast med å få fram intensjonane. Men administrasjonen ser ikkje at forståinga av heilskapen er til stades.

Planen har eit sterkt sentraliseringsfokus, er einseitig innretta etter kva kollektivtilbod som fins i dag og overser ei heil rekkje andre kriterie for klimavenleg utvikling. Ein regional areal- og transportplan burde i mykje større grad teke utgangspunkt i berekraftig samfunnsutvikling, der samferdsel og kollektivtilbod blir utvikla på samfunnet sine premiss. Den regionale areal- og transportplanen er framleis meir oppteken av detaljar i kommuneplanane enn kva grep regionen samla må ta på område som kvar kommune ikkje kan løyse åleine. Samstundes er kunnskapen om kommunal planlegging og lokalsamfunnsutvikling omtrent fråverande. Det å skrive inn utsnitt frå lærebøker er ikkje det same



som at stoffet er forstått.

Arealutviklinga i kommunane skal skje i tilknytning til stamlinene i kollektivsystemet, blir det sagt. Dette kravet slår beina under all satsing på klimavenleg arealplanlegging. Kollektivtilbodet i tilknytning til stamlinene er langt frå godt nok til å vere eit reelt alternativ til auka biltrafikk. Det fins mange andre kriterer for klimavenleg og berekraftig arealplanlegging enn å klistre seg til stamlinene i kollektivsystemet, sjølv om regionale styresmakter ikkje ser det.

Fylkeskommunen ber også om tilbakemelding på prinsippet om differensiert arealforvaltning og regionale vekstsoner. Til dette er å seie at arealplanlegging og –forvaltning i kommunane er differensiert i dag. Arealbruken har utvikla seg i takt med innbyggjarane sine behov, og både politikarane og administrasjonen har stor lokalkunnskap og høg kompetanse til å forme utviklinga i samsvar med behova, innafor overordna rammer og nasjonale retningslinjer.

Igjen kunne ein regional plan vere tenleg for å samordne samfunnsutviklinga over eit større geografisk område, men det nyttar ikkje når den regionale planen blir eit nærsynt dokument. Her er verken rom for dialog eller samarbeid. Det foregår omfattande arbeid knytt til kommunale klimatiltak, spissa næringsutvikling, målretta samarbeid med universitetet, forskningsmiljø og andre utdanningsinstitusjonar, utstrekt samarbeid på tvers av kommunegrensar (t.d. i regi av det statlege Byregionprogrammet, ByR) og ikkje minst Unesco sitt Biosfæreprosjekt for Nordhordland sin del. I Nordhordland er det også mykje interkommunalt planarbeid, og ikkje minst interkommunalt samarbeid om næringsutvikling, med sterk deltaking frå store næringslivsaktørar. Den regionale planen overser dette fullstendig.

Dei regionale vekstsonene som er definert står i vegen for ei positiv utvikling, også i klimavenleg forstand. Det er t.d. ikkje teke omsyn til at økonomisk, kulturell, sosial og teknisk infrastruktur er avgjerande for aktivitetsnivået. Den regionale planen legg opp til bustadmangel fordi det vil bli bygd for få bustader til å dekke behovet, om planen skulle bli etterlevt. Det er prisdrivande og samfunnsøkonomisk lite gunstig, kan føre til uønska flyttestraumar og tappar regionen for arbeidskraft og kapital.

ATP manglar elles perspektiv på kommunesamanslåing, som mange kommunar står framfor.

Oppsummert er det vanskeleg å forså at det plandokumentet som ligg føre er i samsvar med den utviklinga som den politiske leiinga i styringsgruppa ønskjer for Bergensregionen.

#### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret i Meland er i prinsippet positivt innstilt til eit samarbeid mellom lokale og regionale forvaltningsnivå, og støtter i utgangspunktet intensjonane om å lage ein regional plan for auka samordning om arealbruk og transportutvikling.

Kommunestyret ser ikkje at framlegget til regional areal- og transportplan (ATP) representerer ei slik tenleg samordning. Kommunestyret ønskjer ikkje ein plan som gjev heimel for regionale styresmakter til å detaljstyre kommunane.

Planframlegget er utydeleg på formell verknad. Kommunestyret påpeiker at motsegn berre skal vurderast unntaksvis, og då berre når alle lov- og forskriftsfesta måtar for kontakt og dialog er nytta utan at det er oppnådd semje.

Kommunestyret meiner at det nye planframlegget framleis legg opp til ei for sterk sentralisering, og at premissar knytt til dagens kollektivtransport er for sterkt styrande for utviklinga av andre viktige samfunnsfunksjonar. Den sterke sentraliseringa hindrar ei heilskapleg og positiv utvikling i kommunane og regionen, og legg band på kommunane sitt handlingsrom i arealplanlegginga.

Planen lukkast med å formidle nasjonale og regionale klimamål, men lukkast ikkje med å omsette måla til ei samordna arealplanlegging, utover noko aktivitet i regionsentra. Prinsippet for differensiert arealforvaltning er bra, men planen er for detaljert og nærsynt til å få betydning.

For nærare kommentarar vert det vist til saksutgreiinga. Kommunestyret viser elles til formannskapet sin høyringsuttale frå møte 26.08.2015, sak FS-100/2015.»

**Formannskapet skal handsama saka 29.03.17. Ev. nytt framlegg til vedtak vert lagt fram i møtet.**